

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Prioriteringsrådet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 2

Saksbehandlar/telefon:
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 15.03.2024

Sak 22/24 Handlingsprogram 2025-2028 – Post 30

1. Bakgrunn

Jamfør tidsplanen for rullering av handlingsprogrammet, skal styringsgruppa behandle og vedta handlingsprogram 2025-2028 i møte 22. mars 2024. Første året i handlingsprogrammet er innspel til Statsbudsjett 2025, som har frist for oversending berre få dagar etter styringsgruppemøtet. Av omsyn til at Nasjonal transportplan blir lagt fram same dag, blir det planlagde møtet forkorta, og handsaminga av Handlingsprogram 2025-2028 blir delt i to møter.

Denne saka er grunnlag for styringsgruppa si handsaming av Post 30-midlane, og med det innspel til Statsbudsjett 2025. Midlane over post 63 og post 66, saman med det fylkeskommunale bidraget, blir handsama i neste møte. Endeleg vedtak av Handlingsprogram 2025-2028 blir gjort gjennom lokalpolitisk handsaming før sommaren.

Forslaget er basert på innspel frå arbeidsgruppene, prosjekteigarar og Samordningsfunksjonen, samt diskusjonar i prioriteringsrådet. Det har blitt lagt vekt på å ivareta porteføljestyryskriteria gjennom prosessen, der både modenheit, måloppnåing, tilgjengeleg økonomi, samfunnsøkonomisk nytte, kapasitet på planlegging og gjennomføring, arealutvikling og geografi har vore tema.

I dette notatet blir post 30-prosjekta presentert sortert etter kommune. Prioriteringsrådet har lagt vekt på å innstille til eit handlingsprogram i balanse. Handlingsrommet på denne posten varierer mellom kommunane. For nokre av prosjekta kan fleire finansieringskjelder vere aktuelle. I dei tilfella der post 30 blir brukt til prosjekt på kommunal- eller fylkeskommunal veg, blir utgifter til mva, plan og prosjektering dekte av andre postar. Slik påverkar post 30 også andre finansieringskjelder, og handlingsprogrammet må sjåast i heilskap.

I tråd med oppsett frå tidlegare år, er handlingsprogrammet sett opp med ein berekna årleg sum for bruk av pengar gjennom perioden. I utgangspunktet er det ønskeleg å spele inn prosjekt som summerer seg opp mot eit årleg snitt. For Askøy, Alver og Bjørnafjorden er det spelt inn prosjekt for mindre summer enn tilgjengeleg finansiering i avtaleperioden. Det må framleis jobbast godt for å utvikle planavklarte prosjekt med høg måloppnåing i åra som kjem. Til post 30 til Bergen og Øygarden, er det spelt inn fleire forslag til prosjekt enn det er tilgjengelege middel.

Ein førebels utgåve av prosjektporteføljen blir lagt ut på Miljøløftet sine nettsider (vedlegg 2a). Porteføljen er førebels utan informasjon om økonomien til kvart prosjekt. For oppdatert informasjon om kostnader og handlingsrom, blir det vist til dette notatet for post 30, og saksframlegget som kjem til neste møte, for dei andre postane.

3. Post 30 Programområdemidler riksveg, og kommunal og fylkesveg

Handlingsrommet for å prioritere prosjekt finansiert av Post 30 er avgrensa for Bergen og Øygarden, der summen av nye og ikkje-igangsette prosjekt er høgare enn tilgjengelege middel. I dei andre kommunane er det rom til å prioritere alle innspelte prosjekt. Tabell 1 viser handlingsrommet per kommune. Kolonnen «Tilgjengeleg til HP25-28» viser kor mykje middel som er igjen etter prioriteringar som er gjort i tidlegare handlingsprogram. Deler av summen må brukast til igangsette prosjekt som har finansieringsbehov i åra framover. Kolonnen «handlingsrom» viser tilgjengelege midlar når ein ser bort frå prosjekta med bindingar, altså prosjekt som allereie er sett i gang.

Tabell 1 – tilgjengeleg finansiering post 30 (tal i mill. 2024-kroner)

| Post 30 Programområde midler | Rammer i byvekstavtalen | Tilgjengeleg til HP25-28 | Igangsatte prosjekt | Handlingsrom | Sum nye og ikke-igangsatte prosjekt | Avvik fra handlingsrom |
|------------------------------|-------------------------|--------------------------|---------------------|--------------|-------------------------------------|------------------------|
| Bergen | 3 643 | 1 365 | 329 | 1 036 | 1 828 | -792 |
| Alver | 377 | 317 | 11 | 306 | 115 | 191 |
| Askøy | 380 | 282 | 71 | 211 | 202 | 9 |
| Bjørnafjorden | 319 | 232 | 35 | 197 | 67 | 130 |
| Øygarden | 495 | 418 | - | 418 | 568 | -150 |
| Sum | 5 214 | 2 614 | 446 | 2 168 | 2 780 | -612 |

3.1. Post 30 Bergen

Det er ikkje nok tilgjengelege middel til å prioritere alle prosjekt i Bergen kommune. Tabell 2 viser prioriteringsrådets forslag til handlingsprogram 2025-2028. Forslaget er basert på porteføljestyingskriteria, som vist til innleiingsvis. Finansiering i kolonnen «2025» utgjør Miljøløftets innspel til Statsbudsjettet 2025.

Tabell 2: Post 30 Bergen

| Prosjektnavn | Kostnad HP25-28 | Modenhet | Mål-oppn. | Del av tidligere HP | | | Restbehov | | | | Kommentarer | | |
|--|------------------|----------|-----------|------------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|--|
| | | | | Tidligere løyvinger | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | | | |
| Tilgjengelig for HP25 (bindinger ikke trukket fra) | 1365000 | | | | | | | | | | | | |
| Prosjekter med bindinger | | | | | | | | | | | | | |
| Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate | 4 000 | | | igangsett | 287 900 | 94 140 | 35 600 | 4 000 | - | - | - | - | Økt beløp med 57 mill sidan HP24-27, og finansieringa er forlenga frå 24 til 25. |
| Sykelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold | 231 200 | | | igangsett | 109 900 | 24 058 | 30 000 | 124 300 | 86 000 | 20 900 | - | - | Økt beløp med 144 mill. sidan HP24-27, og finansieringa er forlenga frå 26 til 27. |
| Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg-Bergen sentrum | 0 | | | igangsett | 1 147 295 | 198 740 | 100 000 | - | - | - | - | - | Økt beløp med 171 mill., og finansiering korta ned eit år. |
| Sykelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken - Glass Knag | 93 600 | | | igangsett | 131 507 | 13 598 | - | 47 800 | 38 200 | 7 600 | - | - | Økt beløp med 53 mill. sidan HP24-27. |
| Delsum, prosjekter med bindinger | 328 800 | | | | 1 676 602 | 330 536 | 165 600 | 176 100 | 124 200 | 28 500 | - | - | |
| Resterende midler (handlingsrom) | 1 036 200 | | | | | | | | | | | | |
| Nye/ikke-igangsatte som skal prioriteres i HP25-28 | | | | | | | | | | | | | |
| Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien | 12 400 | 3 | 9 | Del av HP24 | - | - | - | 1 900 | 10 500 | - | - | - | Blei prioritert finansiering i HP24-27 for 2024, men fekk ikkje midler over statsbudsjett |
| Storetveitvegen, Hagerups vei-Minde Alle | 157 600 | 3 | 9 | Del av HP24 | - | - | - | - | 33 000 | 20 700 | 49 600 | 54 300 | Prosjektet også splitt inn til fylkeskommunalt bidrag for å dekke prosjektering og mva |
| Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien | 11 250 | 3 | 8 | Nytt prosjekt | - | - | - | 11 250 | - | - | - | - | Prosjektet også splitt inn til fylkeskommunalt bidrag for å dekke prosjektering og mva. Prosjektet har redusert beløp med 37 mill., ift. HP24-27, oppstart forskjøvet eit år fram. |
| Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg | 257 000 | 2 | 9 | Del av HP24 | - | - | - | - | - | 10 000 | 80 000 | 167 000 | Prosjektet har redusert beløp med 37 mill., ift. HP24-27, oppstart forskjøvet eit år fram. |
| Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger - Kristianborg | 249 759 | 2 | 9 | Del av HP24 | - | - | - | - | - | 52 211 | 71 197 | 126 351 | Oppstart forskjøvet eit år, beløp 20. mill. høgare enn i HP24-27. |
| Johan Berentsens vei - etablering av fortau | 40 000 | 3 | 7 | Nytt prosjekt | - | - | - | - | 16 000 | 16 000 | 8 000 | - | Prosjektet har opprinneleg splitt inn behov for 2025, men oppstart er foreslått forskjøvet for å ikkje binde opp prosjektet enno. |
| Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein | 14 000 | 3 | 6 | Ikke prioritert i HP24 | - | - | - | - | 1 000 | - | 13 000 | - | Ekspropriasjonsfrist går ut i 2027 |
| Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger | 20 100 | 3 | 6 | Del av HP24 | - | - | - | - | 1 900 | 18 200 | - | - | Prosjektet var sammenslått med Sykelstamveg 3a, Nesstun-Hop i HP24-27. Endret kostnadsbilde etter oppdeling av prosjekt. Prosjektet har opprinneleg splitt inn behov for 2025, men oppstart er foreslått forskjøvet for å ikkje binde opp prosjektet enno. |
| Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsangerveien/Solheimsgaten-F | 106822 | 2 | 7 | Del av HP24 | 0 | 0 | 0 | 0 | 8828 | 64888 | 33106 | 0 | Beløp 6 mill. høgare enn HP24-27. |
| Kv4181 Wiers-Jenssens vei sykkeltiltak | 57300 | 1 | 8 | Del av HP24 | 0 | 0 | 0 | 0 | 15000 | 42300 | 0 | 0 | Økt beløp med 17. mill. sidan HP24-27, og oppstart forskjøvet eit år fram. |
| Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei -Hagerupsvei | 152000 | 1 | 9 | Del av HP24 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 16500 | 135500 | Prosjektet også splitt inn til fylkeskommunalt bidrag for å dekke prosjektering og mva |
| Delsum, prioriterte prosjekt nye/ikke-igangsatte | 1 078 231 | | | | - | - | - | 13 150 | 86 228 | 224 299 | 271 403 | 483 151 | |
| Sum Totalt, alle prosjekt i HP25-28 | 1 407 031 | | | | | | | 189 250 | 210 428 | 252 799 | 271 403 | 483 151 | |
| Resterende midler | -42 031 | | | | | | | | | | | | |
| Prosjekter som ikke skal prioriteres i HP25-28 | | | | | | | | | | | | | |
| Kv3373 Bjørndalsbakken bru | 30 000 | 3 | 8 | Del av HP24 | - | - | - | - | - | 15 000 | 15 000 | - | |
| Kv99994 Nonnekloppen til Florida | 32 365 | 3 | 7 | Nytt prosjekt | - | - | - | 32 365 | - | - | - | - | |
| Gang- og sykkelbro over E39, Åsane sentrum i Bergen kommune | 124 000 | 2 | 9 | Ikke prioritert i HP24 | - | - | - | 2 000 | 2 000 | 60 000 | 60 000 | - | |
| Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3A, Nesttun-Hop | 184100 | 2 | 8 | Del av HP24 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 37600 | 71000 | 75500 | Prosjektet var sammenslått med Sykelstamveg 3b, Hop-Fjøsanger i HP24-27. Endret kostnadsbilde etter oppdeling av prosjekt |
| E39 Steinestøkrysset - kollektivfremkommelighet og TS | 0 | 1 | 9 | Ikke prioritert i HP24 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Kv5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva | 30000 | 1 | 9 | Nytt prosjekt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 30000 | 0 | |
| Sykelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie - Rådal | 379500 | 2 | 7 | Ikke prioritert i HP24 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 379500 | |
| Sum, ikke-prioriterte prosjekt | 749 965 | | | | - | - | - | 34 365 | 2 000 | 97 600 | 161 000 | 455 000 | |

Tala i kolonnen «Kostnad HP25-28» viser kostnaden prosjekta er venta å ha i åra 2025 til 2028, i tillegg til restbehov etter 2028. Det blir 1,4 mrd. totalt for dei prioriterte prosjekta, noko som er 42 mill. meir enn tilgjengelege midler. Framover må det bli jobba med kostnadsparande tiltak, eller reduksjon av prosjektomfang, slik at kostnadene held seg innanfor ramma i byvekstavtalen. Handlingsprogrammet vurderast igjen om eitt år, der ikkje-igangsette prosjekt kan bli vurdert på nytt igjen ved neste rullering av handlingsprogram.

Om ein berre tek utgangspunkt i innspel til Statsbudsjett 2025, er forslaget til handlingsprogram balansert. Det er spelt inn behov for 189 mill. i 2025, der 176 millionar er knytt til igangsette prosjekt.

Følgande nye prosjekt treng finansiering i 2025:

- Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/ Fjøsangerveien (1,9 mill.). Prosjektet vil også binde opp 10,5 mill. kroner i 2026.
- Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien (11,2 mill.)

Det blei ikkje funnet rom for å prioritere desse prosjekta innanfor rammene til post 30:

- Kv3373 Bjørndalsbakken bru
- Kv99994 Nonnekloppen til Florida
- Gang- og sykkelbro over E39, Åsane sentrum i Bergen kommune
- Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3A, Nesttun-Hop
- E39 Steinestøkrysset – kollektivfremkommelighet og TS
- Kv5294 Reianevegen gang-og sykkelbro over Storelva
- Sykelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie-Rådal

3.2. Post 30 omlandskommunar

Tabell 3 viser prioriteringsrådet sitt forslag til eit balansert handlingsprogram for resten av kommunane. Det er ikkje handlingsrom til å prioritere alle innspelte prosjekt i Øygarden. Det er derfor to prosjekt som prioriteringsrådet foreslår å ikkje prioritere, for at handlingsprogrammet skal vere i balanse. Desse er vist i tabell 4.

For dei resterande kommunane er det nok tilgjengelege middel til å prioritere alle innspelte prosjekt.

Finansiering i kolonnen «2025» utgjer Miljøloftets innspel til Statsbudsjettet 2025. I tabellen er det også kommentert der det er vesentlege avvik i forhold til handlingsprogram 2024-2027 og andre relevante merknadar.

Tabell 3: Post 30 omlandskommunar

| Prosjektnavn | Moden het | Måløpp ång | Del av tidligere HP | Kostnad HP25-28 | Tidligere løyvingar | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Restbehov | Kommentarar |
|---|-----------|------------|---------------------|-----------------|---------------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|--|
| Fv5452 Hillsvåg-Apalen, etablering av G/S-veg | 1 | 7 | Del av HP24 | 17 000 | - | - | - | - | - | - | 5 000 | 12 000 | Beløp 6 mill. høgare enn i HP24-27, prosjekt forskjøvet med tre år. Det er også spelt inn finansieringsbehov over det fylkeskommunale bidraget for prosjektering og mva |
| Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrsløsering | 3 | 6 | Del av HP24 | 7 750 | - | - | - | 5 800 | 1 950 | - | - | - | Blei prioritert finansiering i HP24-27 for 2024, men fekk ikkje midler over statsbudsjett. Det er også spelt inn finansieringsbehov over det fylkeskommunale bidraget for prosjektering og mva |
| Fv5474 Seim, fortau og avkøyrsløsering | 1 | 7 | Del av HP24 | 29 000 | - | - | - | - | - | - | 7 900 | 21 100 | Det er også spelt inn finansieringsbehov over det fylkeskommunale bidraget for prosjektering og mva |
| Fv565 Hilland i Alver kommune, knysløyning | - | 6 | Del av HP24 | 5 216 | - | - | - | - | 5 216 | - | - | - | Blei prioritert finansiering i HP24-27 for 2024, men fekk ikkje midler over statsbudsjett |
| Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau | 2 | 5 | Del av HP24 | 1 650 | - | - | - | 1 650 | - | - | - | - | Blei prioritert finansiering i HP24-27 for 2024, men fekk ikkje midler over statsbudsjett |
| Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier | 3 | 9 | Del av HP24 | 29 678 | - | - | - | 29 678 | - | - | - | - | Blei prioritert finansiering i HP24-27 for 2024, men fekk ikkje midler over statsbudsjett. 10 mill. økt beløp sidan HP24-27 |
| Ostereidet/Lindsdalen, fortau | 3 | 7 | Del av HP24 | 24 410 | - | - | - | 3 100 | 15 300 | 6 010 | - | - | Blei prioritert finansiering i HP24-27 for 2024, men fekk ikkje midler over statsbudsjett. 8 mill. høgare beløp enn i HP24-27. Fylkeskommunen har i november 2023 gjennomført forenkla byggherreoverslag på reguleringsplan, Kostnad oppgitt i hp 24-27 var basert på gamle erfaringstall. Det er også spelt inn finansieringsbehov over det fylkeskommunale bidraget for prosjektering og mva |
| Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune | - | - | Igangsett prosjekt | 11 300 | 4 100 | 15 400 | 11 400 | 3 000 | 8 300 | - | - | - | Økt beløp med 3 mill. sidan HP24-27, finansiering forlenga frå 25 til 26. Styringsgruppa i Miljøloftet ga i sak 4/23 tilslutning til auka ramme |
| Sum Alver | | | | 126 004 | 4 100 | 15 400 | 11 400 | 43 228 | 30 766 | 6 010 | 12 900 | 33 100 | |
| Kleppevegen ved Myrane | - | - | Igangsett prosjekt | 70 800 | - | 30 700 | 39 600 | 66 700 | 4 100 | - | - | - | |
| Nordre Hauglandsveg | 3 | 6 | Del av HP24 | 45 300 | - | - | - | - | 7 900 | 15 800 | 15 800 | 5 800 | 14 mill. høgare beløp enn i HP24-27. Byggherre har gjennomført kostnadsvurdering med utgangspunkt i anslag på vedtatt reguleringsplan. Tall ved hp 24-27 var levert av kommunen /erfaringstall konsulent. |
| Skarholmvegen | 2 | 9 | Del av HP24 | 156 454 | - | - | - | - | - | 156 454 | - | - | Det er også spelt inn finansieringsbehov over det fylkeskommunale bidraget for prosjektering og mva |
| Sum Askøy | | | | 272 554 | - | 30 700 | 39 600 | 66 700 | 12 000 | 172 254 | 15 800 | 5 800 | |
| Etablering av trafikksikker- og attraktiv G/S-løysing langs Hatvik- | - | - | Igangsett prosjekt | 54 000 | 12 300 | 36 000 | 35 000 | 9 500 | 41 500 | 3 000 | - | - | |
| Fv5150 Trolldalen-Lepsøyvegen - trygg G/S-løysing | 3 | 6 | Del av HP24 | 7 200 | - | - | - | 7 200 | - | - | - | - | |
| Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden | 3 | 7 | Del av HP24 | 1 703 | - | - | - | 852 | 851 | - | - | - | Blei prioritert finansiering i HP24-27 for 2024, men fekk ikkje midler over statsbudsjett |
| Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg | 3 | 7 | Del av HP24 | 55 000 | - | - | - | 55 000 | - | - | - | - | Blei prioritert 20 mill i HP24-27 for 2024, men fekk ikkje midler over statsbudsjett. Behovet for desse 20 mill. er derfor flytta til 2025, og kommer i tillegg til opprinneleg behov for 2025 på 35 mill. |
| Sykkelparkering | - | - | Igangsett prosjekt | 3 000 | - | - | - | 3 000 | - | - | - | - | |
| Sum Bjørnafjorden | | | | 120 903 | 12 300 | 36 000 | 35 000 | 75 552 | 42 351 | 3 000 | - | - | |
| Akse Straume sjøfront til gangbru Brattholmen | 2 | 8 | Nytt prosjekt | 110 000 | - | - | - | - | 30 000 | 40 000 | 30 000 | 10 000 | Nytt prosjekt |
| Bildøyvegen/Straumsundet bru | 3 | 9 | Nytt prosjekt | 100 000 | - | - | - | - | - | 20 000 | 60 000 | 20 000 | |
| Kv1136 Sentrumsgate Grønamyrvengen | - | - | Igangsett prosjekt | 0 | 37 700 | - | 27 700 | - | - | - | - | - | Redusert beløp med 6 mill. sidan HP24-27 |
| Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1 | 2 | 8 | Del av HP24 | 63 600 | - | - | - | - | - | 31 800 | 31 800 | - | Redusert beløp med 5 mill. sidan HP24-27, oppstartt forskjøvet eit år fram |
| Skogskiftet sentrumsområde | 3 | 6 | Del av HP24 | 122 600 | - | - | - | 4 000 | 55 300 | 59 300 | 4 000 | - | Økt beløp med 48 mill sidan HP24-27, har behov for midler i to år til (27 og 28). Fylkeskommunen har gjennomført byggherreanslag i mai 2023. Tall for hp 24-27 var antatte kostnader fra kommunens konsulent. Det er også spelt inn finansieringsbehov over det fylkeskommunale bidraget for prosjektering og mva |
| Sum Øygarden | | | | 396 200 | 37 700 | - | 27 700 | 4 000 | 85 300 | 151 100 | 125 800 | 30 000 | |
| Sum totalt for innspilte prosjekt | | | | 915 661 | 54 100 | 82 100 | 113 700 | 189 480 | 170 417 | 332 364 | 154 500 | 68 900 | |

Tabell 4: Post 30, ikkje-prioriterte prosjekt i Øygarden kommune

| Innspilte prosjekt som ikkje blir prioritert | Moden het | Måløpp ång | Del av tidligere HP | Kostnad HP25-28 | Tidligere løyvingar | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Restbehov | Kommentarar |
|--|-----------|------------|---------------------|-----------------|---------------------|----------|----------|----------|----------|----------|---------------|---------------|--|
| Vestsidevegen | 1 | 7 | Nytt prosjekt | 71 900 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 100 | 67 800 Vifk jobbar vidare med prosjektet utanfor Miljøloftet |
| Arefjordsvegen | 1 | 7 | Nytt prosjekt | 100 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 10 000 | 90 000 | |
| Sum | | | | 171 900 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 10 000 | 97 800 | |

Dei to prosjekta «Vestsidevegen» og «Arefjordsvegen» i Øygarden kommune scorar lågast på modenheit og prioriteringsrådet foreslår å ikkje prioritere dei i handlingsprogrammet 2025-2028.

5. Bybanen byggetrinn 5

Det er levert eit eget prosjektark for Bybanen byggetrinn 5, som også inkluderer finansieringsbehov over post 30 for sykkelveg langs traséen. Kostnadsanslaget for heile prosjektet er framstilt i tabellen nedanfor. Tala er henta frå tidlegare kostnadsanslag, og vil bli oppdaterte når KS2 føreligg.

Tabell 6 – Finansiering av bybanen byggetrinn 5

| Prosjektdel | Finansieringskjelde | Kroneverdi | Tidligere løyvingar | Løyving 2023 | Løyving 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Restbeho... | Sum |
|---------------|---|------------|---------------------|--------------|--------------|---------|---------|---------|---------|-------------|-----------|
| Prosjektering | Bompengar | --- | --- | 152 000 | 386 000 | --- | --- | --- | --- | --- | 538 000 |
| Prosjektering | Stat post 66 Reduserte bompengar og betre kollektivtilbod | --- | --- | 108 000 | 118 000 | --- | --- | --- | --- | --- | 226 000 |
| Bygging | Stat post 63 Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt | 2024 | --- | --- | --- | 444 500 | 910 000 | 945 000 | 441 000 | 5 981 500 | 8 722 000 |
| Bygging | Stat post 30 Programområdemiddel riksveg | 2024 | --- | --- | --- | 75 000 | 210 000 | 230 000 | 150 000 | 4 335 000 | 5 000 000 |
| Bygging | Bompengar | 2023 | --- | --- | --- | 74 500 | 274 000 | 289 000 | 73 000 | 2 447 500 | 3 158 000 |
| Bygging | Stat post 66 Reduserte bompengar og betre kollektivtilbod | 2023 | --- | --- | --- | 118 000 | 118 000 | 118 000 | 118 000 | 118 000 | 590 000 |
| Andre | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | 0 |
| MVA | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | 0 |

For 2025, er det spelt inn 75 mill. over post 30. Finansiering av prosjektet er avhengig av ein tilleggsavtale til byvekstavtalen, og formelt sett ikkje del av handlingsprogrammet som no skal rullerast. Det er likevel svært viktig for Miljøløftet å gjere synleg at porteføljen inneheld modne prosjekt med høg måloppnåing som kan realiserast kjapt, dersom dei får finansiering. Byggetrinn 5 har regulert for både bybane og sykkelstamveg, og vedgår derfor både post 63 og post 30. Sekretariatet har fått tilbakemelding frå Vegdirektoratet om at innspel til post 63 ikkje har den same fristen som post 30 i denne omgang (likt med post 66).

Ettersom post 30-midlane blir handsama i dette møtet, er det viktig for prioriteringsrådet å understreke at om ei vidare finansiering over post 30 hadde vore avklart, ville det vere klart for realisering av gode sykkelstamvegprosjekt innan kort tid.

6. Vegen vidare

Dette notatet omhandlar prioriteringa av post 30-middel, og med det Miljøløftets innspel til Statsbudsjettet 2025. Diskusjonen om dei andre finansieringskjeldene, samt eit endeleg vedtak om handlingsprogram 2025-2028, vil vere tema i neste styringsgruppemøte.

Etter vedteke handlingsprogram bør partane vere førebudd på å bli bede om å prioritere prosjekta over post 30. Handlingsprogrammet blir sendt for lokalpolitisk behandling før sommaren.

7. Forslag til konklusjon

Forslag til vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028 over post 30, i tråd med konklusjonane i møtet. År 1 i handlingsprogrammet blir Miljøløftet sitt innspel til Statsbudsjett 2025. Handlingsprogram 2025-2028 som heilskap blir behandla i neste møte, før vedteke handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2024.